



Vest Rørservice AS  
Urhaugvegen 17  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/334 - 18/4345

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
27.02.2018

## Godkjenning tilkopling av bustad til kommunalt vatn GBNR 18/55 Øvre Sagstad Administrativt vedtak. Saknr: 45/2018

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført motteke 14.02.2018, søkt om tilkopling til kommunalt vassanlegg for bustad på eigedomen gbnr 18/55 på Øvre Sagstad.

Bustaden vart tilkoplta til kommunalt avlaup i 2009, løyve til dette vart innvilga i sak 2009002965 den 17.11.2009.

### Vurdering:

Leidningen vart allereie lagt i samband med avlaupsleidningar i 2009 i samsvar med motteke situasjonskart datert 01.02.2018. Det vert ikkje oppført nokon gravearbeid for tiltaket. Tilkopling til kommunalt vassanlegg skal skje i kum.

Administrasjonen har ingen merknad i at eigedomen no vert tilknytt det kommunale vass- og avlaupsnett.

### Ansvarsrettar:

Ansvarsrett gjeld i samsvar med innsendt erklæring og gjennomføringsplan, jf. pbl § 23- 3 . Det er erklært ansvarsrett, jf. vurderinga ovanfor.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner at bustaden på Gbnr 18/55 vert tilknytt kommunalt vassanlegg i samsvar med søknad journalført 14.02.18 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp»-

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Kommuneforlaget.

- Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.

- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva per bueining.

Det er erklært ansvarsrett, jf. vurderinga ovanfor.

Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-1, løyve til etablering av anlegget.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova».

**Bortfall av løyve:**

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort.

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Morten Kvamme

Dalstøvegen 25 5918

FREKHAUG

**Mottakarar:**

Vest Rørservice AS

Urhaugvegen 17 5936

MANGER